

ÅRSMELDING 2017 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

1. Melding frå styret i Leikarringen

1.1 Styret i Leikarringen 2017

Leiar:	Audun Grüner-Hegge
Nestleiar:	Elise Tjørnsletten
Styremedlem:	Solveig Brekke Hauknes
Styremedlem:	Simon Hesselberg Løvald (kasserar)
Varamedlem:	Eline Nordseth Berg
Varamedlem:	Marta Lindvik

1.2 Årsmøte

Årsmøtet vart halde i Lagsrommet tysdag 7. mars 2017. 19 personar deltok på møtet, av dei var 18 røysteføre medlemer av Leikarringen.

1.3 Styrearbeid

Styret konstituerte seg på sitt fyrste styremøte 21. mars 2017. Styret har hatt 8 fysiske styremøte i 2017. Ellers har styret hatt laupande kommunikasjon på e-post, Facebook og jamleg oppmøte på tysdagsøvingane. Det viktigaste styrearbeidet vert framleis gjort i møte med medlemene.

1.4 Informasjon

Styret har i hovudsak kommunisert med medlemer og andre interesserte gjennom Facebook-sida vår (www.facebook.com/Leikarringen), men også via Leikarringen si heimeside (leikarringen.bul.no).

Elles går BUL ei meir digital kvar dag i møte. Særleg med det nye medlemssystemet Styreweb Leikarringen og skal i gang med å nytte.

1.5 Heiderslagsfolk

Det har i 2017 ikkje vore utnemnd nye heiderslagsmedlemer.

1.6 Heidersmerke

Styret har ikkje delt ut heidersmerke i 2017.

1.7 Medlemstal

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Medlemer ved utgangen av året	104 (betalande)	114*	112	98	104	110	102	111	118	139	143	154
Nye medlemer	15	18	18	8	9	12	5	10	5	9	6	2
Strokne/ utmelde	8	16	4	5	15	4	14	17	26	13	17	5

Frå januar 2018 har BUL Oslo gått over til nytt medlemssystem, Styreweb. Dette gjev særlega oppdatert tilgang til eiga medlemsliste. Det er per 8. februar 2018 119 medlemer i Leikarringen.

1.8 Ombod frå Leikarringen

Bunadnemnda:

Evald Fredholm, Anne Cathrine Johansen og Ragnhild Holen

Valnemnda:

Sigrid Kjølbi, Audun Stokke Hole, Margunn Nesbakken Oma, Tore Steigen og Eva Fischer

Rådet i Leikarringen:

Rune Hernes Bjerke, Astrid Skrindo, Anbjørg Myhra Bergwitz, Karianne Johansen og Lasse Pettersen

1.9 Øvings- og dansekveldar

Øvingar

Øvingane våren og hausten 2017 vart haldne i Teatersalen i Rosenkrantz' gate 8, kvar tysdag kl. 19.30–21.30. Vi har nytta oss av både våre eigne medlemmar samt eksterne som instruktørar, og hatt mange dyktige musikarar innom øvingane våre. Vi har vore mellom 15 og 46 stk på øvingane, med eit snitt på 24 stykk.

Sjå eiga melding for Søndansen.

Instruktørar i 2017:

Marianne Dahl, Bente Hjellum Syvertsen, Solveig Brekke Hauknes, Anne Nilssen, Vegar Vårdal, Audun Grüner-Hegge, Knut Aastad Bråten, Anbjørg Myhra Bergwitz, Marta Lindvik, Kari Nilssen, Stig Nilssen, Svein Are Sirirud Vatnehol, Martin Myhr, Inga Myhr, Torbjørn Bergwitz Lauen og Torill Schinstad.

Musikarar i 2017:

Jon Hjellum Brodal, Vegar Vårdal, Tuva Færden, Ole Nilssen, John Ole Morken, Tore Bolstad, Hilde Fjerdingsøy, Ingrid Schei Stuhaug, Torfinn Hofstad, Jan Wesenberg, Sigrid Stubsveen og Bjørn Kåre Odde.

Tema for øvingane har vore:

Pols, runddans, turdans, danseteknikk, reinlender, valentines-date med Vegar, Valdresspringar, vals, Vestlandsspringar, Ulviksspringar, springdans frå Nordre Sunnmøre, runnom og Finnskogspols.

Vi hadde fleire øvingar med pols som tema i førebuinga til Landskappleiken på Røros i 2017. Hausten 2017 har vi prøvd å lære oss runnom med særleg tanke på Landskappleiken i Trysil i 2018.

Ellers har vi hatt både sommar- og juleavslutning, utan dans men med desto større fokus på sosialt samvere.

Dansekveldar

Teknisk ansvar for søndagsdans i BLS:

19. mars: Leikarringen arrangerte minikurs i Rørospols med Solveig Brekke Hauknes og Audun Grüner-Hegge som instruktørar og musikal Dag Stian Baltzersen. Etterpå spelte Steinsgårdskroken spell- og danselag til dans.

10. september: Leikarringen arrangerte minikurs i springdans frå Land med Rita Sirirud Vatnehol som instruktør og musikal Elise Tegnér. Etterpå spelte brørne Kjørstad til dans.

Lønningspols:

14. mars: Lønningspols i Teatersalen, kl. 19.00-22.00. Ole Nilssen og John Ole Morken spelte pols til dei 30 deltakarane si store glede.

24. oktober: Frå kl. 19.30 til 21.30 spelte Østerdølenes spellmannslag til dans i Teatersalen. Vi knuste alle (uoffisielle) rekordar med 60 stykk på dansegolvet denne kvelden.

Søndans/stildansar:

Sjå eiga melding frå Søndansen i punkt. 3.

1.10 Framsyningar og deltaking

17. mai

I år dansa 27 par opp Karl Johan mot Slottet, med Vegar Vårdal og Solveig Brekke Hauknes som stødige danseleiarar. Tonje Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen sto for musikken. I forkant av sjølve dagen hadde vi tre øvingar der 17. mai var i fokus.

Om kvelden vart det tradisjonelle Brustainsballet arrangert på Universitetsplassen. Vegar Vårdal leidde dansen frå scena med hjelp av dansarar frå Leikarringen. Vegar spelte også, saman med Åsmund Reistad og Olav Christer Rossebø. Mange av Leikarringen sine medlemmer deltok i dansen.

Representantar frå Leikarringen dansa på Ensjøtunet 17. mai.

Ei gruppe på om lag 10 dansarar frå Leikarringen dansa for TV2 i Slottsparken tidleg på morgonen, og synte fram bunadar. Det er også verd å nemne at bunadskledde dansarar frå Leikarringen pryda framsida av magasinet VG-Helg i forkant av 17. mai.

Andre framsyningar

BULder og Brak dansa i Operaen i samband med 80-årsfeiringa til Kongen og Dronninga 10. mai.

16. juni deltok to dansarar og ein musikar i eit sølvbryllaup i Nordmarka med framsyning og leia dans med gjestane.

Nokre dansarar frå Leikarringen var med på framsyningar på Cruiseskip i løpet av sommaren, saman med Norwegian Folk.

Dansarar frå Leikarringen deltok under utdelinga av Anders Jahres kulturpris i Universitetets Aula 14. september, saman med Sør-Fron spelmannslag.

Kappleikar

Landskappleiken 2017 vart arrangert på Røros, og der stilte Leikarringen i lagdans senior med 2 lag, til saman 28 dansepar. BULder og Brak stilte i klassa lagdans junior.

Oslokappleiken vart arrangert 18. november på Riksscenen, og der deltok 20 dansarar frå Leikarringen med eitt lag i lagdans senior, medan BULder og Brak deltok i lagdans junior.

Fleire av Leikarringen sine medlemmer deltek óg i andre klasser på både Landskappleiken, Oslokappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Heile fem av dei 16 gutane som deltok i halling C på årets Landskappleik var frå BULder og Brak! Det er kult at det spirar og gror blant hallingdansarane våre!

Anna

Leikarringen deltok i kunnskapstevlinga «Kven veit», ei intern tevling mellom lokallag i Noregs Ungdomslag. Torbjørn Bergwitz Lauen var initiativtakar og lokal tevlingsleiar. Tevlinga gjekk over tre kveldar, og om lag ti medlemmer frå Leikarringen deltok, fordelt på to lag.

Leikarringen stod som medarrangør for ballet på minifestivalen «Mozart på 123» i teatersalen 11. november. Her vart salen fylt med musikk- og danseglade til vals og polkatakt.

1.11 Utsendingar

I 2017 hadde Leikarringen færre utsendingar enn tidligere år. Til årsmøtet i fylkeslaget BLS representerte Gunnvald Grønvik og Olav Kårevik både lag og særslag.

1.12 Dugnad

Leikarringen vart førespurd av Noregs Ungdomslag om å stille med dugnadsfolk til landsmøtefesten 22. april. Det vart ein hyggelig kveld med dans og moro saman med dansarar frå heile landet!

1.13 Kurs

Leikarringen var teknisk arrangør for instruktørkurs i runddansrytmer arrangert av Noregs Ungdomslag. Her deltok sju medlemmer frå Leikarringen.

I samarbeid med Bærum Balselskab og Søndansen arrangerte Leikarringen eit seminar i menuett som vart dansa i Christiania på 1800-talet.

1.14 Medlemmer i Leikarringen med verv i andre sentrale posisjonar

- Torbjørn Bergwitz Lauen sit i styret i Noregs Ungdomslag.
- Karianne Johansen, som òg er medlem av Leikarringen, sit som styremedlem i Songlaget.
- Øystein Gammersvik sit som leiar, Klas Ekeland og Audun Stokke Hole sit som styremedlemer i styret for Bondehytta.
- Gunvald Grønvik er nestleiar i styret i Bondeungdomslaget.
- Olav Kårevik sit som styremedlem i Bøndernes Hus AS.
- Solveig Brekke Hauknes er tilsett i Noregs Ungdomslag som folkedansrådgjevar

Oslo, 13. februar 2018

For styret i Leikarringen, Audun Grüner-Hegge (sign.)

2. Melding frå Rådet i Leikarringen

Rådet har etter årsmøtet i Leikarringen i 2017 hatt denne samansetjinga:

Valde for to år i 2016: Astrid Skrindo og Rune H. Bjerke

Valde for to år i 2017: Karianne Johansen, Anbjørg M. Bergwitz og Lasse Pettersen

Rådet har hatt to møter i perioden. Den 15. mai og 19. september 2017. På det fyrste møtet valde dei Astrid Skrindo til ordførar og Rune H. Bjerke til skrivar.

Rådet har handsama berre ein sak: Leikarringen sitt 100-årsjubileum. Rådet gav innspel til innhald og til nemnd. Jubileumsnemnda tok over arbeidet i desember.

Oslo, 10. februar 2018

For Rådet i Leikarringen

Astrid Skrindo

3. Melding frå Søndansen

Søndansen har hatt åtte samkomer i 2017 og 21 medlemmer har vore med på øvingane.

Spelemann er Hans Petter Holen og rettleiar Folke Flateland.

Dei dansar mykje kontradans og balldansar frå det norske kontradansutvalet, dei arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Dei legg òg vekt på det sosiale med ein god prat til kaffien. Menuett fra Christiania som blei ferdig rekonstruert i 2015, tar nå til å få ei god form i gruppa.

Søndansen er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til Søndansen som er omlag ein søndag i månaden. Vi øver no fast i Lagsrommet i Rosenkrantz gate.

Asker, 11. februar 2018

For Søndansen

Folke Flateland

4. Melding frå Bunadnemnda

Bunadnemnda har vore samansett av Ragnhild Marie Holen, Evald Fredholm og Anne Cathrine Johansen. Nemnda har vore tilgjengelege for råd og tips til bunadbruk i Leikarringen i samband med 17. mai.

Bunadrommet er ikkje heilt i orden enda, det blei ei lita vatnskade etter ombygginga i 2016. Ingen bunader er skada. Nemnda vil ta tak i dette i vår.

Oslo, 9. februar 2018

For Bunadnemnda

Anne Cathrine Johansen